



* Marinbiolog Roger Kvalsund let ungdomane få prøve seg i laboratoriet på Runde Miljøsentor, og ein sylkvass skalpell var den viktigaste reiskapen.

«Fanga» fiskarar med leir på Runde

Opplæringskontoret for Fiskerinæring og Sjøfart (OKFisk) brukar ein leir på spennande og vakre Runde som agn i forsøket på å «fanga» frisk arbeidskraft til fiskeri og havbruk.

Stein Arne Lilleøy

18 ungdomar, ni jenter og ni gutar frå heile Søre Sunnmøre har vore samla på Runde denne veka, i regi av OKFisk. Basen har vore lagt til Runde Kystleirskule, og programmet gjennom veka har vore både tett og spennande.

Lovise K. Otterlei frå OKFisk fortel at 10. klassingane i løpet av veka vil besøke ulike bedrifter, få teste fiskelukka og delta i ei redningsøving i samarbeid med Redningsselskapet. For å nemne noko. Med på laget har Lovise hatt lærar Marcus Johannessen frå Runde Kystleirskule.

Forskarar for ein dag

Onsdagen vart nytta på Runde Miljøsentor, der ungdomane fekk lære kva senteret arbeider med. Dei fekk også prøve seg litt praktisk. Og sjølvstøtt vart det høve til å bli nærare kjend med Rundeskatten, hovudat-traksjonen på miljøsentoret...

* Denne veka har 18 ungdomar frå Søre Sunnmøre vore samla til rekruttering. Sleir retta mot fiskeri og havbruk. Basen har vore på Runde Kystleirskule, men onsdag gjekk dagen med på Runde Miljøsentor. Framme ser vi mellom andre Lovise K. Otterlei frå Opplæringskontoret for Fiskerinæring og Sjøfart og lærar Marcus Johannessen frå Runde Kystleirskule.

